Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Modalen

Emne: Ard og plog

Bygdelag: Eksingedalen

Oppskr. av: Johs. B. Lavik, f. 1881

Gard: Lavik

(adresse): Eksingedalen

G.nr. 90 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle, for det meste

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Noko etter far, fødd 1852, d. 1941, og andre gamle bønder her.

SVAR

Ard kjenner eg ikkje til her frå dalen. Men me visste um at Arden vart bruka, i andre bygder. t.d. Vossestrand, og Framfjorden i Vik i Sogn. Folk herifrå, som flutte til Framfjorden, tala jamt um, at bønderne her måtte få seg Ard, men eg veit aldri av at det vart gjort.

Skokorne til plogen vart kalla so ymse. Plogdrag. et-, sjakerne vart jamnast kalla plogtillor, plogtille, plogtillna. Aasen som tillna var festa i, kallast Hummelen, humlastokk, humlastokkjen. Plogbandet eller plogkjettingjen var festa i humlestokkjen, i den andre enden av plogbandet var ein krok, som vart hekta i plogåsen.

No veit her berre bruka moderne, fabrikksmidde plogar. Desse kom til bygdi kring 1900, nokre få var nok komne siste åri av 1800 talet. Men etter 1910 var ikkje dei gamle plogane i bruk, noko nemnande då.

Då far var ung, for her farande smedar kring bygdi, og arbeidde ljå, øksar, plogar og slikt som folk trong um. Smidjor var her då, umlag på kvart bruk. Eg hugsar ikkje farande

1486

smedar. Men frå kring 1890. hugsar eg at bønder
her frå dalen, kjøpte plogar frå Brekkhus, i
Teigdalen. Dei bar plogane yver fjellet, frå Brekk-
hus og til Bryo i Eksingedalen – 11 km.–. Ja,
ein sterdig bonde her, leigde smeden til å
bera plogen heim til seg. Det kosta Kr. 2.–,
og folk totte det vor flott gjort. Desse plogane
vor slike som er på Fig. 14. Dei kosta Kr. 21
–22, og folk totte dei vor dyre, difor sleit folk
lenger enn lenge med dei gamle plogane
– Merknad: Hugsa på: Eksingedalen låg heilt av-
stengd til 1888. Då byrja vegarbeidet nede med
sjøen, 1890 kom køyrevegen til Høvik, 10 km. upp
i dalen, 1894 kom køyrevegen til Lavik, 23 km. –
Plogen som er vist på Fig. 8 hugsar eg vor i
bruk, vart nemd for Grindplog. Såg tvo typer
av dei. Den eine hadde veltefjøl av tre, den andre
av jarn. Båe veltefjøler vor flate. Men
trefjøli hadde skoning under, der ho grov nedi
auren. Aurvolen vor av jarn, sameleis skjeret,
spissen sa tume. Kniven; også tagt Ristelen,
Ristidla – kunna De uttala det ordet – vor av
jarn.
Plogkaren hadde altid Moldskjei med seg,
so han grov veltefjøli rein når han hadde
pløgt fori tilendes. Moldskjeii vor av tre, og
hang på plogstyret, tett attmed handtaket. Mold-
skjeii, vor ei vanleg sleiv 
Plogen vart helst ikkje lagd på veltefjøli
når plogen vart køyrd attende, det sleit
veltefjøli for mykje i enden. Veltefjøli
skulde snu upp når plogen vart køyrd attende.
Dei spikra ein kloss på plogåsen, so bar
plogen uppe. Klossen vart kalla Moldtrol.

1486

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Saurhol, Sûrphol, Skjethol.
Solangt eg kjenner til det var der berre ein plog på
bruket, högreplog.
Dei plôgde – oftast vart sagt plöyde – 4–5
tommar djupt med desse plogane. Hjul hug=
sar eg ikkje at der var, oftast var der ingenting
på plogåsen, som regûlera plogdjûpni. Men eg
hugsar ûm, at ein av dei siste gamledags plo–
gane hadde fenge noko på seg dei kall drag=
sko. Den plogen gjekk stödare enn andre, var let=
tare å styra. Dragskoen var nærast som ein
klave av jarn, som var festa uppunder plog–
åsen, noko framanfor ristelen.
Her var altid ristell på plogane.
Plog som fig. 10 veit eg ikkje ûm. Trur knapt
at slikt hev vore i brûk her.
Fackenskensplog eller Jarlsbergplog hev sikkert
ikkje vore i brûk her.
Fremst på plogåsen var Beitle. Beitle var
ei sterk, noko tjukk jarnplata, som var smiod
til ei spira, på kvar sida åt plogåsen, og
festa med ein nagle – av jarn – som gjekk gjenom
båe spirar og plogåsen med. I jarnplata var
4–5 hol. So flutte dei plogbandet i desse holi
ettersom dei plöyde breid elder smal for.
Plog var namnet som vart brûkt her i dalen, plog
var eitt reidskap, elder jamnast sagt "vella", ard
var ei onnor slags "vella". Eg veit ikkje ûm nokon
som brûka namnet ard, ûm dei vellor me hadde.
Ard vart ûttala ar, d en kunde ikkje höy=
rast. Plog vart sagt nett som eg skriv det. Ein plog.
plogjen. Ein ard – ar –, arden – aren.
Til å mylda, milda, kornet ned i åkeren vart
helst brûka harv. Harv er eit, ja eg kan vel

1486
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

bein nytt ord i bygdemålet. dei gamle sa altid Jórv, ei Jórv - Jórva. Men altmed åkerreina gjorde ikkje Jórvi arbeidet godt nok, husbondene gjekk då kring åkeren med ei riva, og jamna til so korret Korn beit våd var nedi. Denne riva var av jarn, ja skafte var av tre. Riva vart kalla Milderiva = myldeariva. Same riva bruka dei og til å reinska potetåkrane med.

Dei tvrå plogane som no vert bruka til å grava uppmed potetorne med - grava uppmed poto - verta ofta kalla poteplogar. Hyppe-plog höyrer og minder nemd. Men dei som her Hutlakka brukar det namnet.

Ein mann - döydde i 1945 - 80 år gammal, bruka den måten i bratte åkra: Han sådde kornet på åkeren, breidde so mykje utyver, tok so ein Spade - Spa - og spadde so kornet og myki nedi. Men det laut gjerast fint, so ikkje i kornet kom for djupt. Men mannen lot vel gjer den arbeidsmåtene.

Under plögjingi gjekk kvinnfolki og störste borni og "slo atte". Til det vart bruka - då far vaks upp - ei "Spaskia". Det var ein spade, jamnast sagt Spåa - med treskapt og treblad, arbeid i eitt, og so skodd med järn, i bladet

1486

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8







9



10



11



12



13




14




15



16

1486

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING